

**NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 04.09.2026

Deres ref: 26/2389

NIBIO

Postboks 115, 1431 Ås

Tlf: 406 04 100

post@nibio.no

nibio.no

Org. nr: 988 983 837

## **Innspel til forslag til endringar i alkoholloven og alkoholforskrifta – utvida ordning for avgrensa sal direkte frå produsent**

Vi viser til dykkar høyring 5. juni om endringar i alkoholregelverket som gjer det mogleg med avgrensa sal av alkoholhaldige drikk direkte frå produsent. Innspel frå NIBIO er koordinert av forskar Ingunn Øvsthus i Divisjon for matproduksjon og samfunn.

NIBIO forskar mellom anna på verdikjeder innan landbruk, mat, bioøkonomi og bygdeutvikling, inkludert produksjon og foredling av frukt, bær og druer. Instituttet tilbyr også analysetenester og forskning innan fruktbaserte drikkeprodukt som eplemost, sider og andre foredla drikkevarer, og er i ferd med å byggje opp eit betydeleg forskingsmiljø på norsk druedyrking og vinproduksjon.

Høyringsforslaget koplar lokal mat- og drikkeproduksjon til reiseliv, kunnskapsformidling og regional verdiskaping. For landbruksbaserte råvarer som frukt, bær og druer kan vidareforedling til drikkeprodukt representere ein viktig moglegheit for auka verdiskaping og betre ressursutnytting. Dette gjeld særleg i distriktsområde der råvareproduksjonen har avgrensa marknadstilgang og der foredling kan bidra til å styrkje lønsemda i primærproduksjonen.

NIBIO tar ikkje stilling til overordna alkoholpolitiske spørsmål - vårt innspel er avgrensa til forhold som gjeld kunnskapsgrunnlag, råvareproduksjon, innovasjon, bioøkonomi og regional næringsutvikling.

### **Behov for evaluering og føreseielege rammevilkår**

NIBIO meiner det er viktig at ordninga blir fylgd opp med ei forskingsbasert evaluering. Investeringsar i frukt- og bærdruing, druedyrking, foredling og besøksnæring skjer ofte med lange tidshorisontar. Uvisse om framtidige rammevilkår kan difor påverke viljen til å investere og utvikle nye verksemdar. I fleirårige kulturar som vindruer er langsiktig plansikkerheit ein føresetnad for forsvarlege investeringsvedtak og risikovurderingar. Dersom ordninga blir innført som ei



NIBIO

mellombels prøveordning, er det viktig at evalueringa gir eit godt grunnlag for å vurdere ordninga sine langsiktige effektar og framtidige innretning.

### **Lokal råvareforankring**

Departementet ber om innspel til om det bør stillast krav om eigenproduserte innsatsvarer i den nye ordninga. NIBIO meiner at lokal råvareforankring er viktig for å sikre at verdiskapinga kjem landbruket og råvareprodusentane til gode, og for å styrkje koplinga mellom produktet, produksjonsstaden og besøksopplevinga. Samstundes varierer både råvaregrunnlag og produksjonsmåte mellom ulike drikkekategoriar. For produkt der råvareproduksjonen er ein sentral del av produktidentiteten, som sider, fruktvin og særleg vin av druer, bør det vurderast om ordninga kan knytast anten til staden der råvarene blir produserte eller til staden der gjæring eller vidare foredling skjer. For druevin er dyrking av eigne druer ein sentral del av både produktidentiteten og besøksopplevinga, og NIBIO meiner derfor at det bør vurderast om dyrkingsstaden kan likestillast med produksjonsstaden, slik svensk regelverk opnar for. For å fremje samarbeid mellom druedyrkarar og vinprodusentar er det viktig at vin kan omsettast både frå dyrkingsstaden og frå foredlingsstaden. Dette legger til rette for fleksible samarbeidsmodellar og auka verdiskaping i næringa. For øl og enkelte destillerte drikkevarer kan tilsvarende krav vere mindre formålstenlege på grunn av avgrensa tilgang til relevante norske råvarer.

Med vennlig hilsen

Per Stålnacke

Forskningsdirektør, NIBIO